

Knarvik, den 7. desember 2016.

Til rådmannen i Lindås kommune.

**Sak : Om kartlegging av kommunen sin bruk av personopplysningar i tenesteyting og forvaltning, og som personalansvarleg.**

Underteikna er medlem av ei arbeidsgruppe som arbeider med å gjere IKTNH og dei samarbeidande kommunane i stand til å handtere personopplysningar i tråd med dei nye reglane som vil gjelde når EU si personvernforordning får lovs status i Noreg frå mai 2018. Dette er eit svært omfattande regelverk med eit strengt sanksjoneringsregime, og det er difor viktig at kommunane som dataansvarlege har gjort naudsynte førebuingar og eventuelle tilpassingar innan forordninga trer i kraft.

I september 2016 vart det sendt ut eit brev til rådmennene i alle SING-kommunane, der ein bad om å få oversikt over kva personopplysningar kommunen har – knytt til personvern og lovfesta krav om innsyn. Brevet var etter avtale sendt som vedlegg til referat etter møtet i rådmannsutvalet den 9. september.

Føremålet var å få eit fullstendig oversyn over kva personopplysningar kommunane har, kva føremål bruken har, korleis dei vert nytta, og kva lovheimel kommunane legg til grunn for den oppgitte bruken av personopplysningane.

I brevet vart det referert til at det i mai 2016 var levert formell innsynsbegjæring frå innbyggjarar i fire av SING-kommunane. Ei slik begjæring skal vere besvart innan 30 dagar, jfr. §16 i Personopplysningslova. Kva informasjon som kan krevjast utlevert er spesifisert i §18 i same lov.

Ingen av kommunane har svart på innsynsbegjæringane i tråd med gjeldande lovverk. Det er ingen haldepunkt for å hevde at dette berre er eit problem i dei kommunane som mottok innsynsbegjæring. Ein må difor leggje til grunn at kommunane alt i dag har behov for ein gjennomgang av eigen bruk av personopplysningar. Men dette behovet vert langt større i mai 2018.

Det er soleis eit svært viktig arbeid for kommunane som IKTNH no har teke initiativ til. Ein viktig føresetnad for å lukkast i dette arbeidet er at vi har eit fullstendig oversyn over kommunane sin bruk av personopplysningar. Det er fyrst då vi kan kvalitetssikre kommunane si handsaming av personlege data, foreta risikoanalyse av prosessane for handsaming av dataa, og kome med konkrete forslag til tiltak som kan forbetre handsaminga.

Difor bad IKTNH om at kommunane gjennomførte denne kartlegginga, og det vart sett ein frist som var noko meir rommeleg enn kva som er kravd av Personopplysningslova dersom førespurnaden hadde kome som ei formell innsynsbegjæring. Men vi kan konstatere at kommunane ikkje har fylgd opp det vi har bede om.

Av den grunn vil vi på nytt oppmode rådmannen som å setje i gang dette kartleggingsarbeidet. Vi har forståing for at det nett i desse vekene før neste års budsjett skal på plass kan vere vanskeleg å finne tid til dette arbeidet. Difor bed vi om at det vert gjort førebuingar til at arbeidet kan setjast i gang i løpet av januar 2017 og vere ferdigstilt innan utgangen av februar 2017.

Det er naturleg å tenkje at det er dei som sit med det faglege og administrative ansvaret for kommunen sine ulike oppgåver som må utføre sjølve kartlegginga. Dette av di det kan vere ulike lovheimlar for bruken av informasjonen. Difor foreslår vi at utsendingar for arbeidsgruppa til prosjektet får gjennomføre eit introduksjonskurs på eit leiarmøte i løpet av januar. Ein må rekne at eit slikt kurs vil ta om lag ein klokke time.

I etterkant av eit slikt kurs vil leiarane kunne foreta kartlegginga for sitt ansvarsområde. Det burde vere mogleg å leggje til rette for at kartlegginga vert gjort relativt raskt etter leiarmøtet, medan informasjonen er fersk. Vi legg difor til grunn at arbeidsgruppa kan få inn informasjonen frå kommunane i løpet av februar 2017.

Med dette bed vi difor om å få kome på fyrste leiarmøtet kommunen har i 2017, for å orientere om prosjektet og om det arbeidet som kvar kommune må gjere. Av omsyn til arbeidet i prosjektgruppa vil vi setje pris på å få fastsett dato og klokkeslett så snart som mogleg. Melding om dette kan sendast underteikna på e-post.

Vi veit at ein del kommunar er blitt kontakta av ulike leverandørar om kjøp av tenester som skal sikre at kommunane fylgjer personvernforordninga når denne trer i kraft. Dette prosjektet tek nettopp sikte på å sjå til at kommunane gjer det.

I den grad dette vil få konsekvensar for drifta av kommunane sine it-system, vil IKTNH sjå til at persondata vert handsama korrekt. I den grad dette får konsekvensar for praksis i kommunane, vil det uansett vere kommunane sjølve som må sjå til at rette rutinar vert fylgde.

På bakgrunn av dette vil vi oppmode kommunar som får førespurnadar som gjeld denne typen tenester, om å ta kontakt med IKTNH ved [Lars Erling Aarland](mailto:Lars.Erling.Aarland) før ein eventuelt responderer på slike førespurnadar.

På vegne av arbeidsgruppa

*Rune Garmann*

(sign)

E-post : [rune.garmann@masfjorden.kommune.no](mailto:rune.garmann@masfjorden.kommune.no)

Telefon : 56 16 62 26 / 915 24 405